

# HYRDTINGEN

NR. 1

Februar 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Syndens Sold er Døden, men Guds Naadegave  
er et evigt liv i Jesus Kristus vor Herre

|                                    |   |
|------------------------------------|---|
| Presten har ordet                  | 2 |
| Bladpengar                         | 2 |
| Redaksjonspennen                   | 3 |
| Min salme                          | 3 |
| Opprydding kyrkjelege<br>eigedomar | 4 |
| 50-års jubilarantar i Skjold       | 4 |

|                             |   |
|-----------------------------|---|
| Ny prostiprest:             | 5 |
| Sigfred Sørensen            |   |
| Alterduken på Bjoa          | 5 |
| Portrett: Gustav Løge Fosse | 6 |
| Boka om Lundeneset          | 7 |
| Oppstart av Credo i Ølen    | 8 |
| Musikk i julemånaden        | 8 |

|                        |    |
|------------------------|----|
| Annonser               | 9  |
| Frå kyrkjeboka         | 9  |
| Gudstenester           | 10 |
| Møter og kunngjeringar | 11 |
| Utdeling 4-årsbok      | 12 |
| Di trushistorie        | 12 |



#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland  
Tlf. 908 73 170  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3240.11.17937  
Adr. Skjold kyrkje  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### SOKNEPRESTANE:

##### Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug  
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen  
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529  
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tysdag kl. 9 – 11 og torsdag  
kl. 14.00 – 15.30, elles etter avtale.

##### Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,  
Kleivavegen 2, 5574 Skjold  
Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645  
jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

##### Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,  
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80  
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Rune Steensnæs Engedal  
Mobil 918 34 019  
Prostiprest Sigfred Sørensen:  
Mobil: 488 90 359

##### Kyrkjevevja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no  
Kontorass. Tove Standal Vaka  
Tlf. 53 65 57 96

##### Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:  
Brit Nelly Ness Tveit  
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes  
Sandeid: Tore Tokheim  
Vikedal: Andreas Andreassen  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vats: Grete Skeie Sørhus

## Presten har ordet

Av Harald Eintveit, soknepresten i Vikedal



## «Guds hus er eit under...»

Grundar me på å bruka kyrkjehuset til det det er tenkt, - eller til det me finn for godt? Det er ikkje rett å gjera vigsla gudstenesterom om til koselege var-mestover. Dersom målet er at alle skal «trivast», hamnar me fort i det trivielle. Kyrkjerommet med gudstenesta i sen-trum må også ta eit oppgjær med dei maktene som formar menneskeleg mentalitet og folket sine prioriteringar i privatiseringas og konsumjagets ånd. Det er ikkje bra for fellesskapet korkje i kyrkje, bedehus eller i samfunn der-som nyting og sjølvdigging får priori-tet nr. 1 i våre liv.

Difor kallar klokken i Farshuset, Sandeid kyrkje, Bjoa kyrkje, Vikebygd kyrkje etc, folket til å vera her. Vera her, bu her og be her! Målet må vera å skapa gudstenester her menneske får del i noko dei ikkje opplever andre stader: eit møte med Gud – som gjev næring for trua – med aning av mys-teriet og med sans for at mennesket har hjarte og ikkje berre hjerne. Vidare at me opplever og kan ta del i bønner for ei lidande verd og ei såra og utpint jord.

Det er vesentleg - ikkje minst i vår tid med så mykje meiningssprik og oppsplitting på alle baugar og kantar-at me samlar oss om ein visjon, - eit strålende samsyn som hjelper oss til å lyfta alle kvardagsfellesskap inn i ein større samanheng. Gud som har skapt oss og sett kvar og ein til å vera eit arbeidande og skapande men-neske, bryr seg verkeleg om oss der me står og går i snart det tragiske og i snart det trivielle - livet. «Jorda og det som fyller henne, verda og dei som bur der, alt høyrer Herren til», syng den gamle salmisten (Salme 24,1).

Av di det er slik, vedkjem arbeidet og yrket vårt Gud. Difor er sundag, helg, kyrkjegang, gudsteneste og lovsong sjølvne livsnerva, sjølvne det

integrerande sentrum som sameinar alle kvardagsfellesskap og omformar dei til gudstenestefellesskap. Herifrå lyder: Ære vere Gud i det høgste! Frå lovsongen over Betlehemsmarkene høyrst den same songen over alle marker. Og Betlehemslyset, som la seg over enkle gjetarar dengong, lys-legg oss kvardagsmenneske i kvar krok og krik. Gud vil oss noko! Han utfordrar oss til å gje respons. Dette treng me å hjelpa kvarandre med, ikkje minst overfor den oppveksande generasjonen som skal føra tru, liv og kristenarv vidare i folket vårt.

Så må erfaringa – truserfaringa – stadig få nærma seg røtene i alt som heiter liv i kyrkjehuset. Må det klårna for oss gjennom Landstad sitt inn-trykksfulle uttrykk:

*Her er Guds hus og himlens port, og jeg det visste ikke. Jeg sovet har de timer bort da han meg bud lot skikke. Å, vekk meg fra min sløve ro, og vend med Jakobs sterke tro til himlen mine blikke! (NoS 573,2)*

«Visste de ikkje at eg må vera i huset åt Far min?» sa Jesus som 12-åring i templet.

Jesus påminner oss! Guten frå det lite påakta Nasaret set fokus på det huset som er til for å verta verande i. Dermed hjelper han oss til også å oppdaga Guds estetikk som ei opp-fylling av salmistens bøn: «Eitt bed eg Herren om, dette ønskjer eg: å få bu i Herrens hus alle mine dagar, så eg kan sjå Herrens venleik og vera i hans tempel» (Salme 27,4).

Dermed vert ikkje deltaking i guds-tenesta sundagsplikt, men ei etter-lengta samling som ber oss til neste gong klokken kallar. Guds hus er eit under: ein bustad på jord for alle dei folk og nasjonar. Frå aust og frå vest, ja, frå sør og frå nord dei tener med takkesongs tonar. (NoS 542,1)

## Bladpengar

I dette nummeret av Hyrdingen legg vi med ein giro og oppfordrar alle til å nytta den til å betala blad-pengar for 2018.

Beløpet kr 275,- pr. husstand er eit fri-villig beløp. Vil du betala eit anna beløp,

så er det mogeleg. Men vi er avhengige av bladpengane, som er hovudfinansi-eringa av kyrkjebladet både på papir og web. Desse gjer at vi kan halda fram med å senda bladet til alle heimane i Vindafjord. Bruk konto nr. 3240.11.17937

# Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

«Sola har snudd,» er eit uttrykk når dagane blir lengre og igjen varmar i bakkane. Vi kan sjå fram mot vår og sommar. Noko å gle oss til.

I Bibelen, salme 121 står å lesa:

«Sola skal ikkje skada deg om dagen, heller ikkje månen om natta. Herren skal vara deg frå alt vondt. Han skal verna om ditt liv. Herren skal vara din utgang og din inngang frå no og til evig tid.»

Slik lovar Gud å ta hand om oss; dette kan vera godt å ta med på vegen din vidare og det må vi minna kvarandre på. Å komma seg ut i naturen, kjenna varmen av sola mot andletet gjer oss godt. I Vindafjord ligg forholda godt til rette for friluftsliv. Takk til alle dei som legg til rette turstiar i skog og fjell. Bruk desse tilboda. Å komma seg ut i Guds skaparverk gjev oss også betre helse og humør. Tek du i tillegg trua på Gud med deg på turane, så har han lova å vara deg frå alt vondt.

Ha eit godt år.

## 60-åringen

I 2018 er Hyrdingen i sin 60. årgang, sjølv om kyrkjesokna den har dekkja og formatet har endra seg. Vi vil i seinare utgåve presentera litt av historia til kyrkjebladet vårt.

## MIN SALME

**Eg heiter Marianne Krog Lie og bur i Ølen. Eg er lektor og arbeider i redusert stilling ved Hogganvik landsby.**

Ronald Fangen skreiv salmen Guds menighet er jordens største under til 100 års jubileet til Det norske Missjonsselskap i 1942. Ordvalet i salmen ber preg av at han blei til under krigen, men eg opplever innhaldet som styrkande og relevant for det lille livet mitt i dag. Melodien vi bruker no, er frå 1967 og komponert av Arnfinn Øien. Einskaper mellom teksten og melodien er noko av det som gjer denne salmen særleg vakker. Salmen står som nr 536 i Norsk salmebok frå 2013:

### Guds menighet

Guds menighet er jordens største under!  
Mens verdens skikkelse i hast forgår,  
er Kristus i all evighet den samme,  
og fast hans rike på sin klippe står.  
Mens verdens riker stiger og de synker,  
går kirken mot fullkommenhetens vår.

Så kommer dagen da alt hat skal smelte  
som sne og is for sol og sommervær.  
Da faller Satans makt, da skal hans velde  
gi tapt for dem som strider i Guds hær.  
Med jubel skal de høste hva de sådde  
og salige få se ham som han er.

Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte  
fra ham som aldri skifter sinn og art!  
Er natten lang, er kampen full av kvaler  
som morgenstjernen lyser løftet klart.  
Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,  
men kjemp frimodig – se, jeg kommer snart!

Salmen inneheld mange perspektiv, men dei viktigaste for meg er stadfestinga av at Gud er den samme, og at vi som trur på Han, har noko godt i vente. Ein gong skal liding og vondskap ta slutt. Smerte og sorg vil bli borte.

Fram imot det gir denne salmen meg fridom til å ta del i det kristne felleskapet. Underet er mellom anna at det kristne felleskapet ikkje berre er for dei få utvalde. Det har plass til alle som vil, og eg håper du og har funne plassen din der.

Salmen gir meg mot til å halde ut når livet er vanskeleg. Håpet er tydeleg i teksten, og eg er glad for at håpet i Kristus har kraft til å bera livet mitt både no og framover.



Marianne Krog Lie

## KAFFEKROKEN



# Kyrkjelege eigedommar overført frå kommunen til kyrkja i 2017

Av: Inghart Lasse Tveit  
Kyrkjeverja i Vindafjord

Mange har nok interesse av å studera tinglyste eigedomsoverdragingar som med meir eller mindre jamne mellomrom vert publiserte i pressa. Sist år kunne ein sjå fleire slike der alle sokn i kommunen var nemnde. Det har samanheng med at grunnboksheimlane til kyrkjetomter og kyrkjegardar måtte bringast i samsvar med gjeldande lovverk. Det er vedkommande sokn som er eigar, men det er Vindafjord kyrkjelege fellesråd som har forvalningsansvaret og rettsleg representant for desse eigedomane.

I Vindafjord var det til saman 28 eigedomar som på ein eller annan måte måtte få ein korrigert grunnboksheimel. Av desse 28 var det 14 som hadde «Vindafjord kommune» som heimelshavar, medan dei resterande 14 hadde ulike andre heimels-tilhøve som måtte gjerast einsarta. T.d. hadde gnr 331 bnr 19 «Vikebygd kirke» som heimelshavar – det rette er jo «Vikebygd sokn». Vidare var det fleire kyrkjegardar som hadde mange bruksnummer, som t.d. Sandeid, der det var i alt fem slike. Ein av kyrkjegardsparsellane i Sandeid, gnr 12 bnr 84, var på heile 66 m2! Det var difor naudsynleg også å gjennomføra såkalla samanføyning

av eigedomar der dette var tenleg. I Sandeid vart det då eit bruksnummer i staden for fem, i Vats gjekk ein frå tre til eit osb.

Dette ordna seg greitt i samarbeid med m.a. Kartverket som har ansvaret for tinglysingar. Men framfor alt vil eg nytta høvet til å takka for godt samarbeid med Vindafjord kommune sine dyktige og hjelpsame medarbeidarar på eining for Areal og Forvalting. Det ordna seg greitt med både konsesjonsdokument, samanføyingar og elles med råd og dåd – slik at prosjektet kunne fullførast på ein svært tilfredsstillande måte.



## 50-års konfirmantar i Skjold

Fremste rekke: Sigurd Grunnaleite, Åsmund Kalstveit, Arne Løtvedt, Irene (Wannberg) Viland, Ingrid (Frøyland) Hatlestad, Laila (Gullhaug) Haraldseid, Frøydis (Amundsen) Huseby, Else Marie (Krakk) Gerhardsen. Bakre rekke: Prest Ådnøy, Eldun (Breivik) Østhus, Ole Andreas Haraldseid, Reidun (Nilsen) Tønnesen, Knut Jakobsen, Alf Torstein Vik, Halvor Skjold, Knut Ottar Kringeland, Leif Frøyland, Per Otto Flæte. Desse var ikkje til stades: Jon Berge Lilland, Gustav Rugtveit, Rannveig (Skogen) Wathne, Einar Vargervik, Oddgeir Knutsen, Trond Lilleland, Jon Inge Løknes, Kristian Rein Time, Svein Harald Glette, Atle Moldesæther, Odd Henrik Hammer, Nelly Margaret Breivik, Elin Alice (Ersland) Leland, Brita (Dagsland) Merklin, Frøydis (Håkull) Salomonsen, Else Jorunn Haakull (Død).

# Sigfred Sørensen - ny prostiprest

Av Steinar Skartland

**Frå nyttår av er Sigfred Sørensen tilsett i 40% stilling i eitt år som prostiprest i Haugaland prosti. Sigfred har flytta tilbake til heimplassen på Vea etter at han vart pensjonist og avslutta tenesta som prost i Stavanger, der han var i 9 år, frå 2007 til 2016.**

- Eg var ute på Madagaskar i teneste for NMS frå 1976 til 1980 og reiste deretter eit år for Misjonsselskapet her i landet før eg vart vikarprest i Skjold. Etter det vikariatet vart eg sokneprest på Jelsa, før vi flytta til Gjerpen og så til Stavanger, fortel Sigfred.



Sigfred Sørensen

- Fram til sommaren skal eg ha 9 gudstenester i Vindafjord. Dette vil utgjera 1-2 gudstenester i månaden og nokre vikarveker med ansvar for gravferder. Første gudstenesta her blir i Skjold 4. februar og deretter i Imsland 18. februar. Mesteparten av tenesta vil dela seg mellom Haugesund og Vindafjord.

- Det er kjekt å få koma tilbake som prest her, seier Sigfred, som vikarierte i Skjold prestegjeld i 1982 for dåverande sokneprest Paul Haarr. At prostipresten vil møta folk her i ein del gudstenester har også samanheng med eit vedtak om at det skulle tilførast noko ekstra ressurs då Vikebygd sokn vart lagt til soknepresten i Skjold og Vats. Vi ynskjer han velkommen i tenesta.

## Alterduken i Bjoa kyrkje

Av Steinar Skartland

**På framsida av bladet er eit bilete av altertavla på Bjoa og med ein fin, hekla alterduk. Denne duken vart laga på dugnad tidleg på 50-talet av nokre kvinner på Bjoa, som gåve til kyrkja. Liv Hansen fortel at Berit Johannesen hadde fått tak i heklegarn og fleire var med på arbeidet med duken, m. a. mor til Liv. Det er eit flott handarbeid som vart gjort, men etter ein del år var alterduken blitt grå og litt slitt. Den vart då skifta ut med ein duk i korssting, brodert av Borghild Eikjeland.**

Tida gjekk og etter kvart vart også den nye duken falma og slitt i broderiet. Kyrkjetenar Aina Lunde gjekk igjennom forskjellig som var lagra i skuffer og skåp i kyrkja, og fann den hekladuken som ho syntes var veldig fin. Aina vaska den med eit godt middel som gjorde at ein igjen fekk fram den kvite fargen. Helene Paulsen tok seg vidare av å reparere ein del sting der det var slitasje og



dermed ser duken like flott ut som om den var ny. Dei skaffa også ei glasplate til å leggja oppå for å verna den mot slitasje.

Slik vart det til at då Kari Vik Stu-

haug hadde si første gudsteneste i Bjoa, 5. mars 2017, kunne den flotte hekladuken igjen få pryda alteret i Bjoa kyrkje.

## Styremøte i Hyrdingen

På «stiftingsmøtet» som vart arrangert for Hyrdingen i haust, vart vald

eit styre. I dette set: Leiv Karsten Medhaug (leiar), Gunnar Listog og Guri Gjerde. I tillegg deltek redaktøren i møta. Dei hadde sitt første

styremøte 15. januar og førebur eit årsmøte. M.a. vurderer styret å få inn eit 5. medlem i redaksjonsnemnda, gjerne frå indre delar av kommunen.

# PORTRETTE: Gustav Løge Fosse, Ølensvåg

Av Trygve Sandvik, Øvre Vats

"Eg stortrives på Lundeneset og i Vindafjord", seier rektor på Lundeneset vidaregåande skule, Gustav Løge Fosse då Hyrdingen kjem for å ta eit intervju med han. Men han må innrømme at når han er på Jæren og ser den opne himmelen, lengtar han litt heim, men elles er han fasinert av fjella og fjordane i Vindafjord, og han finn seg godt til rette i dette landskapet.

Kven er så denne rektoren på Lundeneset, og kva er det som gjer at han har slege seg til her? Gjennom samtalen kjem det fram følgjande:

## Barndom og oppvekst

Gustav vart fødd på Bryne i 1963, der han og gjekk grunnskulen. Deretter vart det eit år på Time vidaregåande skule. Men Gustav ville gjerne koma seg litt vekk frå heimemiljøet, og han tykte det kunne vera spanande å prøva ein annan skule. Han ville gjerne ta ei økonomisk utdanning, og han hadde høyrte at Lundeneset i Ølensvåg hadde linje for handel og kontorlag. I tillegg var dette ein kristen skule, og det kristne livssynet var rådande i heimen hans. Difor vart det Lundeneset sjølv om denne skulen ikkje var noko særleg kjent i heime-traktene.

## Mogning og tankar om yrkesval

Året på Lundeneset fekk stor betydning for han både åndeleg og menneskeleg. Det kristne livssynet som prega skulen, vart meir og meir grunnleggjande for Gustav. Heime hadde han fått med seg både søndagsskule og gutelag, og foreldra hadde teke han med på bedehuset Saron frå han var ganske liten. Han kjende det mest som han var "oppvaksen" på bedehuset, likevel opplevde han at opphaldet på Lundeneset gav han meir åndeleg føde, og det kristne fellesskapet trengde seg djupare inn. Han fekk klarare tankar om yrkesval og formidling av evangeliet, og han vart utfordra av ein lærar om det ikkje var noko å tenkja på å verta lærar på ein kristen skule.

Det var også noko anna som gjorde at Gustav treivst så godt på Lundeneset. Same året var det ei jente



frå Randaberg som han fekk godhug for, og det skulle visa seg at dette kom til å verta kona hans seinare. Desse to hadde fast følgje frå dette skuleåret.

## Vidare utdanning og "headhunting"

Det vart likevel med det eine året på Lundeneset. Vidaregåande utdanning i handel og kontor legg opp til 3 år etter grunnskule, og Gustav hadde no fullført 2 av desse. Det tredje året valde han å gå på Time vidaregåande skule. Kvifor han gjorde dette, var nok mest på grunn av utgiftene ved å bu på internat. Penger hadde ikkje familien flust av, og Time vidaregåande var på heimeplassen.

Etter vidaregåande utdanning fekk han seg jobb i eit rekneskapsbyrå i Sandnes med seinare kontor på Bryne. Denne jobben varde i alt i eit år med avbrot etter nokre månader for militærteneste i eit år.

Draumen om å satsa på økonomiutdanning for å verta lærar innan økonomifag hadde modnast, og etter han hadde gifta seg i april same året som han var ferdig med militærtenesta, hadde han studieplanane klare. Hausten 1984 sette han kurs for handelshøgskulen i Bergen for å satsa på siviløkonomstudiet, og så vart det 3 ½ år med økonomistudier. Men før han var ferdig med studiene, hadde alt "rykta" spreidd seg, og frå Lundeneset kom det førespurnad om han ikkje kunne byrja som lærar på skulen så snart han var ferdig. Og for Gustav var dette midt i blinken. Pedagogikken som han måtte ha ,

tok han etter han var komen i jobb. Frå hausten 1998 har han vore rektor ved skulen.

## Skule- og jobbmiljø.

Gustav har funne seg godt til rette på Lundeneset. Hovuddrivkrafta for å vera på ein kristen internatskule har vore at han gjennom skulemiljø og målsetjing for skulen kan formidla den kristne budskapet til elevane. Han likar å få vera i lag med ungdommar, og i den første tida kjende han seg ikkje så mykje eldre enn dei. Han skryt av at dei har utruleg mykje fine ungdommar her, og han ser at ungdomane slit med same problema som ungdom flest, til dømes har fleire vore utsette for mobbing tidlegare. Då er det utruleg gildt å sjå at dei finn seg til rette i skulemiljøet her, og mange blømer opp slik at dei er mest ikkje til å kjenna att. Det er heller ikkje tvil om at mange ungdommar modnar fram ei trygg tru. Han har og lyst til å trekkja fram at skulen har fått til eit godt samarbeid med barne- og ungdomslag rundt omkring i bygdene. Mange har og vore med og teke eit medansvar for det som skjer utanfor skulen.

Gustav er nokså klar på at påverknad på elevane skal skje med respekt. Skulen ønskjer å vera tydeleg i formidlinga av Guds ord, men dei vil på ingen måte vera med på å styra elevane på kva dei skal velja, men alle skal vera inkludert i miljøet.

## Politisk arbeid

Gustav har opp gjennom åra vore interessert i det som skjer i samfunnet, men han var ikkje partipolitisk aktiv. Det gjekk såleis ei tid før han først sa ja i KRF, men det var nok der han høyrde heime. Han kjende på at tida kanskje var mogen for at han burde ta sin del av samfunnsansvaret også gjennom politisk engasjement.

I 2011 vart han vald inn i kommunestyret for KRF i Vindafjord, og han er framleis med i kommunestyregruppa i tillegg til at han er fast møtande 2. vararepresentant til Fylkestinget, og han møter også fast i 3 råd og utval i fylkeskommunen. Det har vore utruleg lærerikt og interessant å få vera med i politikken, seier han.



Nybygget på Lundeneset VGS (Foto: Lundeneset)

### Familieliv

Det som starta med interessa for jenta frå Randaberg, har bore stor frukt. Ein stor familie har det vorte med 5 born , 5 svigerborn og 10 barneborn, og familien har slege rot på Vågshagen i Ølensvåg. I førstninga budde dei på skulen, men då han fekk rektorjobben, bygde dei seg eige hus. Og at familien trivst i Ølensvåg, er det klare bevis for. 3 av borna har etablert seg i Vindafjord, og Gustav opplyser at det er ikkje berre han som har band til tidlegare skulemiljø. Alle syskena til kona hans (5 stk) har funne ektefellen sin her på Lundeneset, og som om ikkje dette er nok kan han fortelja at 3 av 5 i leiargruppa på skulen også har funne livsmaken sin her!!

Gustav har ikkje noko fritidsproblem. Etter som barneborna har kome til, har trongen for barnevakt meldt seg, og for dei av borna som har slege seg til i Ølen, har det vore bruk for ei hjelpande hand i etableringsfasen. Og han har også tidlegare funne plass til å engasjera seg saman med borna. Han har vore trenar for smågutane, og han har vore engasjert i fotball. Skule og familieliv har gått hand i hand, og han ser på skulen som ein stor familie.

### Utfordringar og framtid

Gustav likar utfordringar. Han har fått vore med å byggja ut Lundeneset. Hyrdingen spør om det kviler eit tungt ansvar på han, særleg med omsyn til å skaffa midlar til utbygging og drift. Men Gustav forsikrar oss at han har godt sovehjarte, og så langt har det gått svært bra. Han er utruleg takksam for alle vener og støttespelarar som skulen har. Ca. 1 million i gåver i året har det kome inn. Søknaden til skulen har vore bra, og elevtalet ligg på rundt 180, og med stort elevtal følgjer betre økonomi sidan statlege overføringar er per elev. Men Gustav veit og at stagnerer søknaden til skulen, vert drifta vanskelegare. Det er difor svært viktig å ta vare på dei elevane ein får.

Gustav kjenner seg privilegert som har fått arbeidsplassen sin blant ungdomar på ein kristen skule. Han takkar Gud som legg det slik til rette at han kan få kvila i at det er eit stort lagsarbeid han gjer ikkje berre blant kollegaer, men og at det er mange som står saman med han i forbøn. Difor har han god tru på at skulen har framtida for seg både åndeleg og materielt.

# Jubileumsbok om Lundeneset


Av Øivind Jønsson

I 2015 kunne Lundeneset feire 50 år som skole. Ein av måtane å markere dette på, var å gje ut ei bok. Arne Borgemyr og Håvard Brekkå tok på seg redaksjonsansvaret. Boka fortel historia om Lundeneset: Visjon, tida som leirstad og stemneplass, handelsskole frå 1965 og fram til vidaregåande skole med omkring 190 elevar i 2015 .Nye bygningar har kome til, og bygningar har blitt ombygde og renoverte for å stette tidas krav. Mange har engasjert seg både med pengar og praktisk dugnadsinnsats for å få dette til.

Det kristne arbeidet ved skolen har og fått ein brei plass. Både tilsette, tilreisande og elevar har vore, og er, aktive her. Tenk berre på alle millionane russen har samla inn for å spreie evangeliet og hjelpe folk i andre land med praktiske prosjekt.

Boka inneheld presentasjonar av ein del elevar og tilsette, bl.a. dei tre rektorane Harald Hauge, Arne Borgemyr, Gustav Løge Fosse og deira familiar. I tillegg finn du ei fullstendig namneliste over alle som er, og som har vore, tilsette ved Lundeneset.

Bileta får mange til å kjenne seg igjen. Ei fin bok som ein kan få tak i ved å venda seg til skolen.



50 år med Lundeneset  
Hjemmefra, men ikke alene



# Credo oppstart i Ølen

Av Steinar Skartland

**Eit nytt ungdomstilbod som har fått namnet «Credo» startar opp på Kyrkjetunet i Ølen i januar. Leiar og initiativtakar er den nye barne- og ungdomsarbeidaren, Lill-Inger Velde, som fortel om planane til Hyrdingen.**



- Credo er eit nytt opplegg for ungdommar på kyrkjetunet i Ølen og vert ein fredag i månaden, fortel Lill-Inger Velde. - Her kan alle ungdommar som har lyst få komma, uansett kva for ei bygd dei bur i. Tilbodet er tilrettelagt for ungdommar frå 8. klasse og oppover.

Dei startar klokka 19:30 på kvelden. Programmet på samlingane er lagt opp med ei samling i starten av kvelden med lovsong og ein liten andakt. Så blir det kiosk og tid til å vera ilag med venner og berre kosa seg.

-Vi vil òg prøve å ha en aktivitet

kvar gang, for dei som har lyst til det. Det kjem til å vera forskjellige tema kvar gong, for eksempel «Beachparty», «Bad taste» og «80-talskveld».

Credo er ikkje knytt til nokon spesiell organisasjon, og dei har heller ikkje samarbeid med dei på Bjoa, kor det også er Credo arbeid. Opplegget på Kyrkjetunet er tilrettelagt lokalt av Lill-Inger Velde, som er tilsett som ungdomsarbeidar på Kyrkjetunet, i samarbeid med tre jenter frå Ølen og Ølensvåg: Caroline Lunde, Laila

Greenwood Karstensen og Yohanna Dereje.

Det er ingen andre som er med fast som leiarar. Tanken/håpet som Lill-Inger har er at dette kan bli noko som ungdomane kan driva vidare sjølv etter ei stund. - Dette er jo som sagt noko litt nytt, så vi er ganske spente og håper ungdomane har lyst til å komma. Første kvelden er 19. januar og deretter blir det: 23. Februar, 16. Mars, 20. April, 25. Mai og 15. Juni

-Vi har hatt kontakt med Feedback, som nå held til i Skjold. Dei har lyst å leggja Feedback til Kyrkjetunet desse fredagane. Det set eg veldig stor pris på, seier Lill-Inger og legg til: -For det er jo ikkje nødvendig med to arrangement for same aldersgruppe på same tid.

-Eg er så glad for at gjengen på Feedback synes det høyrest kjekt ut å komma og vera med oss på Credo dei aktuelle fredagane.

## Musikk i julemånaden

Av Steinar Skartland

**Desember er ein musikalsk månad. I kyrkjene er det julekonserter og mange finn inn i varmen og musikken i kyrkjebenkene når det blir mørkt og kaldt ute.**

I Vikebygd er ein så heldig å ha eit aktivt og flott musikkorps som er med og spreier glede og julestemning i bygda. I starten av adventstida spela dei både ved butikken, på Gamlatunet og i Naustvika då lys skulle tennast på tre og over veg. Dei stilte opp på julemesse, lokal julekonsert i kyrkja og på gudstjenesta julaften, for å spela både for

og med kyrkjelyden. På konserten stilte også ei rekkje andre lokale, erfarne og dyktige musikarar. Mellom desse var: Tom Roger Aadland, Vegar Skartland, Jone Bjerga, Helge Veastad, Dan Bergmann og fleire andre lovande vikebuar som alle hadde to musikkstykke/songar kvar. Barnekor og husorkester var også på plass denne kvelden, så alle som møtte opp kunne verkeleg kosa seg til mange ulike stilartar. I slike samanhengar stiller bygda sine innbyggjarar opp mannsterke.

Denne jula var dei siste gudstjenestene Eldbjørg Andreassen hadde ansvar for liturgi og preike før ho vert pensjonist. I Vikebygd kyrkje mottok

ho takk og gåve frå leiar i soknerådet, Brit Nelly Ness Tveit julaften. Men vi fristar oss til å vona at ho også som pensjonist kan vitja kyrkjene i Vindafjord og kanskje vikariere når det er trong for det.

Det var Arne Tveit som stod for orgelspelet på julegudstjenesta. Med seg på galleriet hadde han Helge Veastad som spela sologitar saman med kyrkjeorgelet til ein av songane. Og fremst i kyrkja sat det mannsterke korpset som både har born, foreldre og besteforeldre på plass, under leiing av dirigent Andreas Ulveraker. Jo, det er allsidig og vakker musikk i Vikebygd når jula står for døra.



Brit Nelly Ness Tveit takkar Eldbjørg Andreassen



Korpset på plass i Julegudstjenesta



Vegar Skartland og Tom Roger Aadland.

*Velkommen til Lundeneset*

